



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 312/19 - Tveit nedre - oppføring av bustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 16.11.2021. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealformål LNF for frådelling av ny grunneigedom til oppføring av bustad.

Administrasjonen gav i vedtak datert 01.02.2021, i sak 148/21 avslag på søknad om dispensasjon for frådelling.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar i brev av 19.02.2021.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 23.06.2021, i sak 103/21. Klagen vart teke til følge og det vart gjeve dispensasjon frå LNF- føremålet for frådelling av ny grunneigedom til oppføring av bustad med utleigedel.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev motteke 03.08.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 13.10.2021, der Utval for areal, plan og miljø sitt vedtak datert 23.06.2021 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følge.

Vi kan ikkje sjå at det er gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG

Vidar Dalland Kvalvåg Orrhøyen 23 5918 Frekhaug